



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Framlegg til tiltak for å gjere tilhøva til villreinen i Vinje kommune betre

Vedlegg

1 Framlegg til soner der ferdselen blir regulert eller innskrenka

Dokument i saka

Kommunestyresak 160/2024

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i november 2024 i sak 160/2024 at det skulle setjast ned eit Ad-hoc utval *med mandat til å kome med framlegg til soner der ferdselen blir regulert eller innskrenka, for å betre villreinens levkår på Vinje sin del av Hardangervidda.*

Utvalet har hatt 5 fysiske møter, og elles hatt kontakt på e-post. Det har vore konstruktive diskusjonar og brei semje om ansvaret som ligg i denne jobben. Det at gruppa har hatt så stor fagleg breidde har vore til god hjelp i arbeidet.

Vurdering

Framlegget frå gruppa er gjort med bakgrunn i at tiltaka skal ha ein tydeleg effekt for villreinen, samtidig skal ikkje tiltaka vere meir inngripande enn det som er naudsynt. Det er ein forutsetning at alle tiltak blir gjort i samråd med grunneigarar/berørde partar.

Fleire av tiltaka vil krevje finansiering, anten i samband med erstatning eller installasjon av til dømes bom. Etablering av eit «villreinfond» vil kunne gjere det enklare å tildele midlar til ulike prosjekt. Kva som er fornuftig storleik på eit sikt fond er avhengig av kva tiltak som blir vedteke, og kva for tiltak ein får gjort i samarbeid med grunneigarar.

Det har vore diskutera kva som er den beste måten å føre arbeidet vidare på etter eit politisk vedtak. Ad-hoc utvalet har fungera bra, og gruppa ser det som utfordrande å skulle føre eventuelle tiltak vidare på eigenhand. Det er difor eit ynskje om at utvalet held fram til dei

tiltaka som er mogeleg å gjennomføre faktisk er gjennomførde. Det vil vere mogeleg å redusere talet på medlemmar ned til 5.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Framlegg til soner der ferdsel blir regulert eller innskrenka, for å betre villreinens levkår på Vinje sin del av Hardangervidda blir vedteke.

Det setjast slike villkår:

1. Ad-hoc utvalet held fram med arbeidet til tiltak er gjennomførde.
2. Det blir avsett eit fond på 1 million kroner, tilført frå næringsfondet, som blir øyremerkt gjennomføring tiltaka.